

# HOVUDREKNING/ OVERSLAGSREKNING



Mange lærarar synest at det er vanskeleg å ta seg tid til hovudrekning på 10. trinn. Det er så mykje anna dei må bruke tid på, og eksamen nærmar seg.

Men det burde eigentleg vere lett å forsvare at vi set av litt tid til hovudrekning. For mange elevar blir det ein kjærkomen variasjon i undervisninga, og hovudrekning får dei bruk for resten av livet. Dessutan kan mykje stoff repeterast, og ikkje minst kan vi gripe fatt i mange misoppfatningar og kanskje også rette på dei. Under gjennomgåinga kan det vere lurt å la elevane forklare korleis dei tenkte då dei fann fram til svara sine.



## HOVUDREKNING NR. 1

Eg les kvar oppgåve to gonger. Skriv berre svaret.

- 1 Rekn ut:  $14 + 18 - 10 =$
- 2 Rekn ut:  $7 \cdot 8 + 15 =$
- 3 Rekn ut:  $25 : 4 =$
- 4 Rekn ut:  $16 : 0,5 =$
- 5 Kva for eit tal er størst? Skriv berre A, B, C eller D.  
A 0,6755      B 0,7      C 0,71      D 0,708
- 6 Legg 0,2 til 0,95.
- 7 Kva blir det neste talet?  
0,7    0,8    0,9
- 8 Skriv dei to neste tala i denne rekkja:  
5      10      20      35
- 9 I en terning er sidene 3 cm lange.  
Kor stor overflate har terningen?
- 10 I en terning er sidene 5 cm lange.  
Kor stort volum har terningen?
- 11 Per er 1,87 m høg, og Trine er 3 dm kortare.  
Kor høg er Trine?
- 12 Gull har massetettleiken  $19,3 \text{ kg/dm}^3$ .  
Kor mykje veg  $2 \text{ dm}^3$  gull?
- 13 Skriv som uekte brøk:  $8 \frac{5}{6}$
- 14 Skriv som blanda tal:  $\frac{31}{7}$
- 15 Kor mykje er  $\frac{1}{2} + \frac{1}{3}$ ?
- 16 Faktoriser uttrykket:  $16x^2$
- 17 Rekn ut  $4 : \frac{1}{3}$
- 18 Kor mykje er  $\frac{2}{5}$  av 3 000 kr?



## HOVUDREKNING NR. 2

Eg les oppgåvene to gonger. Skriv berre svaret.

- 1 Rekn ut:  $16 + 17 + 18 =$
- 2 Rekn ut:  $200 - 136 =$
- 3 Rekn ut:  $12 \cdot 11 =$
- 4 Kva blir  $x^2 + x^2$ ?
- 5 Trekk saman:  $x^3 \cdot x^3 \cdot x^4 =$   
Blir svaret:  
a)  $3x^2$                       b)  $3x^6$                       c)  $x^6$                       d)  $x^8$
- 6 Trekk saman:  $x^3 + x^3 + x^4 =$   
Blir svaret:  
a)  $x^{10}$                       b)  $2x^3 + x^4$                       c)  $10x$                       d)  $x^{36}$
- 7 Eit hønseegg veg omtrent  
a) 0,5 hg                      b) 0,7 kg                      c) 0,5 g                      d) 40 mg
- 8 Linda tenkjer på eit tal. Fire multiplisert med dette talet minus fire blir 20.  
Kva for eit tal tenkjer Linda på?
- 9 Kva for eit alternativ gir det mest korrekte svaret på reknestykket  $5,6 \cdot 0,82$ ?  
a) 43,1                      b) 7,45                      c) 2,35                      d) 4,592
- 10 Oscar får 20 % avslag på ei jakke som kostar 600 kr.  
Kor mykje må han betale?
- 11 Kva for ein av desse brøkane har same verdi som  $\frac{2}{3}$ ?  
a)  $\frac{4}{5}$                       b)  $\frac{1}{2}$                       c)  $\frac{12}{13}$                       d)  $\frac{12}{18}$                       e)  $\frac{3}{2}$
- 12 I eit testløp vann Irene på 1 minutt og 55 sekund. Ingrid sprang 17 sekund saktare.  
Kva blei tida til Ingrid?
- 13 Rekn ut:  $\frac{1}{8} + \frac{1}{12}$
- 14 I ein klasse er det 15 gitar og 10 jenter.  
Kor stor del av alle elevane i klassen er jenter?  
Svar med så liten nemnar som råd.



## HOVUDREKNING NR. 3

Eg les oppgåvene to gonger. Skriv berre svaret.

- 1 Trekk saman:  $\frac{2}{7} + \frac{6}{7} - \frac{4}{7} =$
- 2 Rekn ut:  $\frac{2}{5} \cdot \frac{4}{3} =$
- 3 Rekn ut:  $4 : \frac{1}{4} =$
- 4 Kva blir det neste talet i denne rekkja?  
1      3      6      10      15
- 5 Siri sykla til skulen, som ligg 5,0 km frå heimstaden. Då ho hadde sykla 2,3 km, kom ho på at ho hadde gløymt norskstilen heime. Derfor sykla ho tilbake for å hente han. Kor mange kilometer hadde Siri sykla då ho kom til skulen?
- 6 Bruk overslagsrekning:  
Jørgen og Hilda kjøper 33 hekkplantar, og kvar plante kostar 58 kr.  
Kor mykje må dei betale?
- 7 Rekn ut  $x + x^2$  dersom  $x = 6$ .
- 8 Per og Pål er tvillingar og er eitt år eldre enn Espen. Til saman er dei 29 år.  
Kor gamle er Per, Pål og Espen?
- 9 Skriv eit tal som er større enn  $-5$  og mindre enn  $-4$ .
- 10 Å springe ein kilometer tek om lag  
a) 2 minutt      b) 300 sekund      c) 0,2 time      d)  $\frac{1}{6}$  time
- 11 Trekk 0,4 frå 4,567.
- 12 Ein bil bruker 0,8 liter bensin per mil. Kor langt kan han køyre på 40 liter?
- 13 Øyvind har 120 kr i vekelønn. Lønna stig med 25 %. Kva blir vekelønna hans då?
- 14 Rekn ut:  $3a^2b \cdot 2a^3b =$
- 15 To rette linjer skjer kvarandre, og den eine vinkelen er  $75^\circ$ .  
Kor store er dei tre andre vinklane?
- 16 I ein rettvingla trekant er katetane 3,0 cm og 4,0 cm. Kor lang er hypotenusen?
- 17 Skriv 560 000 på normalform.
- 18 En bil held ei gjennomsnittsfart på 60 km/t.  
Kor langt kjem han på 3 timar og 30 minutt?



## HOVUDREKNING NR. 4

Eg les oppgåvene to gonger. Skriv berre svaret.

- 1 Rekn ut:  $18 \cdot 3 =$
- 2 Legg til det som manglar:  $0,65 = 0,5 + ???$
- 3 Bruk overslagsrekning. Kursen på euro er 8.  
Kor mange euro får du for 200 norske kroner?
- 4 Emma og Mats er til saman 26 år. Emma er to år eldre enn Mats.  
Kor gammal er kvar av dei?
- 5 To gutar er til saman 128 kg. Den eine guten veg 8 kg meir enn den andre.  
Kor mykje veg kvar av dei?
- 6 40 % av ein pengesum er 200 kr. Kor stor er heile pengesummen?
- 7 Rekn ut:  $36 : 0,5 =$
- 8 Ein syklist held ein gjennomsnittsfart på 20 km/t.
  - a) Kor langt kjem han på  $2 \frac{1}{2}$  time?
  - b) Kor mange kilometer manglar han då på å ha sykla 73 km?
- 9 Kor mykje blir  $0,8 \cdot 0,7?$
- 10 Legg 0,3 til 5,777.
- 11 Kor mange tal finst det mellom 0,7 og 0,8?
  - a) ingen
  - b) 10
  - c) ett
  - d) uendeleg mange
  - e) 100
- 12 I ein likebeint trekant er ein vinkel  $80^\circ$ .
  - a) Kor stor er kvar av dei to andre vinklane?
  - b) Finst det fleire løysingar?
- 13 Kor mykje er
  - a)  $56 : 53$
  - b)  $55 \cdot 53$
  - c)  $56 : 56$
- 14 Lisa har 30 % lengre skuleveg enn Catrine. Catrine har 3,0 km til skulen.  
Kor lang skuleveg har Lisa?
- 15 Fridtjof Nansen blei fødd i 1861 og døydd i 1930.  
Kor gammal blei han?



## HOVUDREKNING NR. 5

Eg les oppgåvene to gonger. Skriv berre svaret.

- 1 a)  $x + x =$                       b)  $x \cdot x =$
  
- 2  $15 + 47 - 3 =$
  
- 3  $12 \cdot 20 =$
  
- 4 Bruk overslagsrekning:  
 $48,5 : 9,2 =$
  
- 5 Bruk overslagsrekning:  
Linda er i butikken. Ho kjøper 2 liter mjølk, og kvar liter kostar 12,50 kr, ein ost til 36,50 kr og tre ferskenar som kvar kostar 4,50 kr.  
a) Kor mykje kostar varene?  
b) Kor mykje får ho att dersom ho betaler med 100 kr?
  
- 6 Kva for eit tal er  $x$  når  $3x + 10 = 1$ ?
  
- 7 Kva for eit tal er nærmast 0,33 i storleik?  
a) 0,3      b) 35      c) 0,39      d) 0,034
  
- 8 Rekn ut:  $2^4 + 3^3 =$
  
- 9 Kva for eit tal er  $2,3 \cdot 10^5$ ?
  
- 10 Skriv 9 800 000 på normalform.
  
- 11 Set opp likninga. Du trenger ikkje å rekne ut svaret.  
Til saman hoppa Lise, Kåre og Nils 12,0 m i lengde.  
Nils hoppa 0,3 m lenger enn Lise, medan Lise kom 6 cm lenger enn Kåre.
  
- 12 Rekn ut:  $35 : (-0,5) =$
  
- 13 Asbjørn kjøpte nye skøyter som kosta 600 kr. Han fikk 20 % avslag på prisen.  
Kor mykje måtte han betale?
  
- 14 Kva for eit tal passar ikkje inn i denne rekkja?  
18              63              45              52              72              36
  
- 15 Eit tog treng 1 time og 45 minutt på ein tur.  
Ein tur startar kl. 11.05, men toget blir 20 minutt forseinka.  
Når er toget framme?



## HOVUDREKNING NR. 6

Eg les oppgåvene to gonger. Skriv berre svaret.

- 1 Rekn ut:  $25 \cdot 7 =$
- 2 Rekn ut:  $126 : 6 =$
- 3 Rekn ut:  $24 : 0,8 =$
- 4 Bruk overslagsrekning:  
 $71,5 \cdot 2,91 =$
- 5 Bruk overslagsrekning:  
 $18,32 + 11,8 + 33,32 + 106 =$
- 6 Bruk overslagsrekning:  
 $47,32 : 9,3 =$
- 7 Vel det reknestykket som passar til denne oppgåva.  
17 eple veg 3,4 kg. Kor mykje veg eitt eple i gjennomsnitt?  
a)  $17 - 3,4$       b)  $17 : 3,4$       c)  $3,4 - 1,7$       d)  $3,4 : 17$       e)  $3,4 + 1,7$
- 8 Vel det reknestykket som passar til denne oppgåva:  
1 dm<sup>3</sup> av ein tresort veg 0,5 kg. Kor mykje veg 0,7 dm<sup>3</sup> av denne tresorten?  
a)  $0,7 - 0,5$       b)  $0,5 : 0,7$       c)  $0,7 : 0,5$       d)  $0,7 \cdot 0,5$   
e)  $1 - 0,5$       f)  $1 - 0,7$
- 9 Rekn ut verdien av  $a^2 - b^2$  dersom  $a = 5$  og  $b = 3$ .
- 10 Rekn ut:  $4 - 1\frac{1}{2} - 0,6 =$
- 11 Kenneth og Liv er til saman 35 år. Liv er tre år eldre enn Kenneth.  
Kor gammal er kvar av dei?
- 12 Are bruker 750 g kjøt til ein middagsrett til fem personar.  
Kor mykje kjøt må han rekne med til ein middag til tre personar?
- 13 Kva blir det neste talet i denne rekkja:  
52    45    39    34    ?
- 14 Kristoffer tener 2 600 kr per veke.  
Kor stor blir vekelønna dersom ho stig med 20 %?



## HOVUDREKNING NR. 7

Denne gongen les eg kvar oppgåve berre ein gong.  
Derfor blir det ekstra viktig å få med seg alle opplysningane. Skriv berre svaret.

- 1 Rekn ut:  $17 \cdot 3 =$
- 2 Rekn ut:  $5 \cdot 7 + 13 =$
- 3 Sifferet 3 i talet 9,532 er det same som
  - a)  $3 \cdot \frac{1}{10} =$
  - b)  $3 \cdot 1 =$
  - c)  $3 \cdot 100 =$
  - d)  $3 \cdot \frac{1}{100}$
  - e)  $3 \cdot 10$
  - f)  $3 \cdot \frac{1}{1\,000}$
- 4 Ein lastebil tek  $9 \text{ m}^3$  per lass. Til ein idrettsplass trengst det  $70 \text{ m}^3$ .  
Kor mange lass må lastebilen køyre for å levere det som skal til?
- 5 Kor mange meter er  $\frac{7}{100}$  av ein kilometer?
- 6 Kor mange minutt er  $\frac{3}{4}$  av ein time?
- 7 Rekn ut:  $(-3) \cdot (-2) \cdot (-4) =$
- 8 En terning har sider på 5,0 cm. Kor stort volum har terningen?
- 9 Bruk overslagsrekning:  
Ein terning har sider på 4,0 dm. Han er laga av jern med massetettleiken  $7,8 \text{ kg/dm}^3$ .  
Kor mykje veg terningen?
- 10 Kva for eit tal er  $3,2 \cdot 10^5$ ?
- 11 Multipliser talet  $x$  med
  - a)  $x$
  - b) 6
  - c)  $2x + y$
  - d)  $xy^2$
- 12 Kva for eit tal er størst?
  - a) 0,678
  - b) 0,7
  - c) 0,68
- 13 Ein rett sylinder har ein radius på 10 cm og ei høgd på 10 cm.  
Kor stort volum har sylindren?
- 14 Denne oppgåva les eg to gonger.  
Ei vanleg vaskebytte tek om lag
  - a) 10 hl
  - b) 100 cl
  - c) 50 dl
  - d)  $10 \text{ dm}^3$
  - e) 40 l



## HOVUDREKNING NR. 8

Dei seks første oppgåvene les eg éin gong, resten les eg to gonger.  
Skriv berre svaret.

- 1 Rekn ut:  $24 \cdot 100 =$
- 2 Rekn ut:  $862 - 140 =$
- 3 Rekn ut:  $570 + 570 =$
- 4 Skriv ned dei tala du hugsar, etter at eg har lese dei.  
8            17            350            1 240            63 500
- 5  $\angle a$  og  $\angle b$  er nabovinklar.  $\angle a$  er halvparten så stor som  $\angle b$ .  
Kor stor er  $\angle a$  og  $\angle b$ ?
- 6 Kva blir  $x$  dersom  $4x - 7 = 17$ ?

Dei neste oppgåvene les eg altså to gonger.

- 7 Bruk overslagsrekning:  
Ein båt held ein fart på 22 knop. Ein knop er 1,852 km/t.  
Kor stor fart har båten rekna i km/t?
- 8 I ein klasse er det 25 elevar. Ein dag er fire sjuke.  
Kor mange prosent av elevane er sjuke?
- 9 Bruk overslagsrekning:  
I en rettinkla, likebeint trekant er hypotenusen 10,0 cm lang.  
Kor lange er katetane?
- 10 I eit rektangel er høgda halvparten av lengda. Rektangelet er 32 cm<sup>2</sup>.  
Kor mange centimeter er høgda og lengda?
- 11 Skriv 750 000 på normalform.
- 12 Ei linje går gjennom punkta (0,2) og (1,5). Kva er formelen for linja?
- 13 Kor mange symmetriaksar har eit kvadrat?
- 14 Eit kilogram biff kostar 150 kr. Kor mykje kostar 0,6 kg?



## HOVUDREKNING NR. 9

Dei åtte første oppgåvene les eg éin gong, resten les eg to gonger.  
Skriv berre svaret.

1 Rekn ut:  $13 + 15 + 12 - 6 =$

2 Rekn ut:  $75 : 5 =$

3 Trekk  $x$  frå

- a)  $3x$       b)  $x$       c)  $7$       d)  $x^2$       e)  $3x + 4y$

4 Kor stor overflate har ein terning med sider på 5,0 cm?

5 Bruk overslagsrekning:

$73,2 : 9,15 =$

6 Bruk overslagsrekning:

Kursen på euro er 8. Kor mange euro får du for 600 kr?

7 Rekn ut:  $4x^2 \cdot 6x^3 =$

8 Rekn ut:  $y^6 : y^2 =$

Dei neste oppgåvene les eg altså to gonger.

9 Mellom to stader på eit kart i målestokk 1 : 50 000 er det 3,0 cm.

Kor langt er det mellom desse stadene i terrenget?

10 Kor mykje har du att av 100 kr dersom du bruker opp  $\frac{1}{4}$  av pengane og deretter  $\frac{1}{3}$  av det du då har att?

11 Kva for ein talverdi har uttrykket  $-3a^2$  dersom  $a = -4$ ?

12 Kva for eit av tala passar ikkje inn i denne rekkja:

32      65      21      98      76      82

13 Linda kjøper 2 l brus til helga. Fredag drikk ho  $\frac{1}{2}$  l og laurdag  $\frac{2}{3}$  l.  
Kor mykje har ho att då?



## HOVUDREKNING NR. 10

Dei åtte første oppgåvene les eg éin gong. resten les eg to gonger.  
Skriv berre svaret.

- 1 Kor mange prosent er 0,35?
- 2 Kva blir  $\frac{2}{3} \cdot \frac{4}{5}$  ?
- 3 Skriv 40 % på desimalform og på brøkform.
- 4 Kva for eit av desse tala er størst? Skriv berre *a*, *b* eller *c*.  
a) 1,7      b) 1,69      c) 1,669
- 5 Kva for eit av desse tala er minst? Skriv berre *a*, *b*, *c* eller *d*.  
a) -6,21      b) -4,5      c) 0,9      d) -5
- 6 Ein ungdomsskule bruker orienteringskart som har målestokken 1 : 15 000.  
Mellom to postar er det 2,0 cm. Kor langt er det i luftlinje mellom desse postane i terrenget?
- 7 Bruk overslagsrekning:  
Ein lastebil har lasta 5,4 m<sup>3</sup> stein med massetettleik 2,8 tonn per m<sup>3</sup>.  
Kor mykje veg steinlasset?
- 8 Bruk overslagsrekning:  
Ein bil held ein gjennomsnittsfart på 58 km/t.  
Kor langt kjem han på 4 timar og 12 minutt?

Dei neste oppgåvene les eg altså to gonger.

- 9 Finn middelværdien av desse tala:  
11            12            12            17
- 10 Finn medianen til desse tala:  
60            61            65            72            74
- 11 Bruk overslagsrekning:  
Kor mange prosent sjanse har du til å slå ein seksar med ein vanleg terning?
- 12 En murstein veg ein kilo pluss ein halv murstein.  
Kor mykje veg ein murstein?
- 13 Kåre og Anne er til saman 60 år. Kåre er tre gonger så gammal som Anne.  
Kor gammal er kvar av dei?
- 14 I ein klasse med 20 elevar greidde 14 elevar kravet til karakteren 5 i terrengløp.  
Kor mange prosent av elevane i klassen greidde kravet?



## HOVUDREKNING NR. 11

Eg les dei åtte første oppgåvene éin gong, resten les eg to gonger.  
Skriv berre svaret.

- 1** I ein tank er det 220 liter før det blir tappa 42 liter av han.  
Kor mange liter er det i tanken etter tappinga?
- 2** Kor mange liter er  $0,87 \text{ m}^3$ ?  
a) 8,7 l    b) 87 l    c) 870 l
- 3** Kva blir  $x(2x + 3)$ ?
- 4** Eit rett, firkanta prisme er 3 dm langt, 2 dm breitt og 6 dm høgt.  
Kor stort volum har prismet?
- 5** Kva for ein brøk svarer til 0,25?
- 6**  $\angle U$  og  $\angle V$  er toppvinklar.  $\angle U$  er  $75^\circ$ . Kor stor er  $\angle V$ ?
- 7**  $\angle x$  og  $\angle y$  er nabovinklar.  $\angle x$  er  $105^\circ$ . Kor stor er  $\angle y$ ?
- 8** Skriv ned dei to neste tala i denne rekkja:  
4,85          4,90          4,95

Resten av oppgåvene les eg to gonger.

- 9** Martin, Ståle og Lone sprang 60 meter saman. Martin kom etter Ståle, og Lone kom før Ståle til mål. Kva blei rekkjefølgja i mål?
- 10** Ein bil startar frå Oslo. Han held ein gjennomsnittsfart på 60 km/t og køyrer mot Kristiansand. Ein time seinare startar ein annan bil i Kristiansand og køyrer mot Oslo med ein gjennomsnittsfart på 70 km/t. Mellom Oslo og Kristiansand er det 350 km. Kva for ein av bilane er lengst frå Oslo når dei møtest?
- 11** Marius kjøper 50 like frimerke for 400 kr. Geir kjøper så fire av frimerka av Marius. Kor mykje må han betale?
- 12** Trekk saman:  $\frac{2}{5} + \frac{1}{2} =$
- 13** Trekk saman:  $\frac{3}{5} - \frac{1}{2} =$



## HOVUDREKNING NR. 12

Dei åtte første oppgåvene les eg éin gong. Resten av oppgåvene les eg to gonger.  
Skriv berre svaret.

- 1 Rekn ut:  $(-12) \cdot (-6) =$
- 2 Rekn ut:  $(-45) : (-15) =$
- 3 Legg 2,3 til 5,82.
- 4 Kva for eit tal er  $4,7 \cdot 10^4$ ?
- 5  $y$  er eit tal. Skriv eit tal som er
  - a) fire mindre enn  $y$
  - b) dobbelt så stort som  $y$
  - c) 50 % større enn  $y$
  - d)  $\frac{1}{4}$  mindre enn  $y$
- 6 Kva er 25 % av 500 kr?
- 7 Ei skinkesteik veg 2,222 kg. Ei anna veg 2,0 hg mindre.  
Kor mykje veg denne steika?
- 8 Kor mykje blir  $26 : 0,5$ ?

Resten av oppgåvene les eg to gonger.

- 9 0,5 kg kjøtdeig kostar 45 kr. Kor mykje kostar 0,8 kg kjøtdeig?
- 10 I to kasser er det til saman 64 kg. I den eine kassa er det 12 kg meir enn i den andre.  
Kor mange kilogram er det i kvar av kassene?
- 11 Bruk overslagsrekning:  
Ei engelsk mile er 1 609 meter. Kor langt er 8,7 engelske miles?
- 12 Ein liter måling dekkjer 12 m<sup>2</sup>. Ein rektangulær vegg er 20 m lang og 2,5 m høg.  
Kor mange liter må vi kjøpe for å ha nok måling?
- 13 Rekn ut verdien av  $a^2 - b$  dersom  $a = 5$  og  $b = -10$ .
- 14 Jostein tenkjer på eit tal. Seks multiplisert med talet pluss to er 26.  
Kva for eit tal tenkjer Jostein på?



## HOVUDREKNING NR. 13

Eg les dei åtte første oppgåvene éin gong, resten les eg to gonger.  
Skriv berre svaret.

- 1** Eit rektangel har sider som er 2,5 m og 3,4 m.  
Kor stor omkrins har rektangelet?
- 2** Bruk overslagsrekning:  
Ein sirkel har radius 7 dm. Kor stort areal har sirkelen?
- 3** Lone har 150 kr i vekelønn. Lønna stig med 30 %.  
Kor stor blir vekelønna hennar då?
- 4** På ein skule er det 250 elevar.  $\frac{2}{5}$  av elevane går i 10. klasse.  
Kor mange elevar er det til saman i 8. og 9. klasse?
- 5** Kor mykje er  $\frac{3}{4} + 0,2$ ?
- 6** Rekn ut:  $2^3 + 3^2 =$
- 7** Rekn ut:  $x^6 \cdot x^2 : x^8 =$
- 8** Gjer  $\frac{56}{6}$  om til blanda tal.

Resten av oppgåvene les eg to gonger.

- 9** I eit trapes er dei parallelle sidene 6,0 m og 10,0 m lange. Høgda mellom dei er 4,0 m.  
Kor stort areal har trapeset?
- 10** Rekn ut uttrykket  $a(b - c)$  dersom  $a = 4$ ,  $b = 5$  og  $c = 8$ .
- 11** Linn, Britt og Ida er til saman 48 år. Britt er fem år yngre enn Ida og to år eldre enn Linn. Set opp ei likning som passar til denne rekneoppgåva.  
Du treng ikkje å rekne ut svaret.
- 12** Mopeden til Trude har 6 l bensin på tanken, og han bruker gjennomsnittleg 0,4 l per mil.  
Kor langt kan Trude køyre med denne bensinen?
- 13** Løys ulikskapen:  $3x - 5 > 7$
- 14** Kor stor sjanse er det for at begge terningane viser mindre enn fire dersom du kastar to vanlege terningar?



## HOVUDREKNING NR. 14

Eg les dei ti første oppgåvene éin gong, resten les eg to gonger.  
Skriv berre svaret.

1 Rekn ut:  $152 - 75 =$

2 Rekn ut:  $217 + 144 =$

3 Rekn ut:  $15 \cdot 15 =$

4 Rekn ut:  $3,6 : 0,4 =$

5 Bruk overslagsrekning:

Paul er på sal i ein klesbutikk. Han kjøper to truser, som kvar kostar 38 kr, ei T-trøye til 55 kr og ein genser til 119 kr. Han betaler med 300 kr. Kor mykje får han att?

6 Rekn ut:  $23 + 33 =$

7 Forkort brøken  $\frac{24}{36}$  så mykje du kan.

8 Margit får  $\frac{2}{5}$  av ein gevinst på 250 kr. Kor mange kroner får ho?

9 Gjer 0,4 time om til minutt.

10 Gjer 260 gram om til hektogram.

Resten av oppgåvene les eg to gonger.

11 Linn og dotter hennar, Randi, er til saman 48 år. Linn er tre gonger så gammal som Randi. Kor gammal er kvar av dei?

12 I eit trapes er dei to parallelle linjene 12 dm og 16 dm lange. Høgda mellom dei er 5 dm. Kor stort areal har trapeset?

13 Legg 0,04 til 1,973.

14 Rekn ut:  $\frac{3}{4} : \frac{2}{3} =$

15 Bruk overslagsrekning:

Ein sirkel har radius 6,0 cm. Kor stort areal har sirkelen?

16 På ei arbeidsteikning av eit hus er lengda på huset 24,0 cm.

Det verkelege huset er 12,0 m langt. Kva for ein målestokk er arbeidsteikninga laga i?



## HOVUDREKNING NR. 15

Dette er den aller siste hovudrekninga på ungdomsskulen, og eg les alle oppgåvene, bortsett frå nr. 13, berre éin gong. Skriv berre svaret.

- 1 Prøv om du kan hugse og skrive ned dette telefonnummeret: 61 31 19 66.
- 2 I ein trekant er grunnlinja 14,0 cm og høgda 8,0 cm. Kor stort areal har trekanten?
- 3 To linjer skjer kvarandre, og den eine vinkelen er  $54^\circ$ .  
Kor store er dei tre andre vinklane?
- 4 Til ei oppskrift på ein matrett til fire personar trengst det 600 g bacon.  
Kor mykje bacon treng vi då til fem personar? Svar i gram og hektogram.
- 5 Gro brukte 2,6 timar på eit sykkelløp, medan Fritz brukte 2 timar og 38 minutt.  
Kven kom først til mål, og kor stor var tidsdifferansen til den andre?
- 6 Bruk overslagsrekning:  
 $43 \cdot 1,4 =$
- 7 Kva for eit av tala passar ikkje inn i denne rekkja:  
48            39            57            72            93            66
- 8 Av 800 kr fekk Per 25 %, Pål  $\frac{2}{5}$  og Espen resten. Kor mange prosent fekk Espen?
- 9  $\frac{4}{5}$  av eit tal er 120. Kva er talet?
- 10 Kva blir  $(x + 2)^2$ ?
- 11 Kva blir  $a^5 : a^5$ ?
- 12 Bruk overslagsrekning:  
Ein rett sylinder har ein radius på 4,0 dm og er 2,1 dm høg.  
Kor mange liter tek sylinderen?
- 13 Denne oppgåva les eg tre gonger.  
Fire løparar starta samtidig. Ingen av dei kom likt til mål. Arne vann ikkje løpet.  
Anne sprang fortare enn Else. Arne kom to plassar før Sivert.  
I kva rekkjefølgje kom dei i mål?